



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

## **VURDERINGSRAPPORT**

### **BRAKANES SKULE**



**8. – 11. mars 2004**



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

1

### Føreord

#### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses frå 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

#### **Kven er vurderar ?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

#### **Kva gjer vurderarane ?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

#### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurdering – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

**2**

### **FAKTA OM SKULEN**

Brakanes skule er ein 1-10 skule med 172 elevar. Skulen har 36 tilsette. 19,4 årsverk er undervisning. Administrasjonsressursen tilsvarar 1,3 årsverk. Assistentressursen er på 4,5 årsverk. Skulen har SFO. Vaksenopplæring og undervisning av vaksne framandspråklege elevar ligg også til skulen. Skulen er den einaste skulen i kommunen. Ulvik herad har om lag 1200 innbyggjarar.

**3**

### **VURDERINGSTEMA**

Brakanes skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Har vi arbeidsmåtar som gjev god læring og gode tilbakemeldingar til den enkelte elev ?

- **tilpassa opplæring**
- **tilbakemeldingar/elevvurdering**

**4**

### **KRITERIUM/KVALITETSKRAV**

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.*



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Skulen driv tilpassa opplæring ved hjelp av arbeidsplanar / vekeplanar / lekseplanar	<ul style="list-style-type: none"><li>- Laget har sams mal for desse planane.</li><li>- Planane gir val m.o.t. vanskegrad.</li><li>- Læringsmåla er tydelege på planane, og vert tydelegare di høgare ein kjem i grunnskulen.</li><li>- Elevane har ulike arbeidsplanar.</li><li>- Planane er varierte m.o.t. arbeidsmåtar</li><li>- Planane er oversiktlege og lette å skjøna.</li><li>- Elevane er med på å vurdere eige arbeid med planen.</li><li>- Planane inneheld utfordringar</li></ul>
Lærarane nyttar tilbakemeldingar / vurdering som skapar utvikling for eleven.	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skulen har førebudde elevsamtaler</li><li>- Vurdering er tema på foreldresamtalene / elevsamtaler.</li><li>- Elevane kjenner læringsmåla.</li><li>- Elevane kjenner vurderingskriteria</li><li>- Tilbakemeldingar på større arbeid inneheld konkrete framlegg til utvikling (forbetring).</li><li>- Tilbakemeldingar er positive i forma.</li><li>- Informasjonen til foreldra er tenleg for vidare utvikling.</li><li>- Skulen prøver ut mappevurdering.</li></ul>
Lærarane legg opp til varierte arbeidsmåtar.	<ul style="list-style-type: none"><li>- Elevane arbeider på ulike måtar - .åleine, i par eller i gruppe.</li><li>- Elevane får uttrykkje seg på ulike måtar (t.d. drama, dans, foredrag, video).</li></ul>
Lærarane er oppdaterte på nye arbeidsmåtar og nyttar desse i undervisninga.	<ul style="list-style-type: none"><li>- Skulen / laget har kunnskap om nye arbeidsformer og drøftar desse.</li><li>- Skulen / laget har plan for prosjektarbeid / temaarbeid / felles temadagar</li><li>- Prosjektarbeidsmetoden vert nytta.</li><li>- Uteskule er ein integrert del av det pedagogiske opplegget.</li><li>- Laget(småtrinnet) brukar leik som arbeidsmåte.</li><li>- Laget (småtrinnet) arbeider med å utvikle leik</li><li>- Skulen nyttar prosessorientert skrivning</li></ul>



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

**5**

### **DELTAKARAR I VURDERINGA**

- Interne : elevar,  
Lærarar,  
foreldre (FAU og klassekontaktar)
- Eksterne : Gudny Fykse og Torgeir Vassnes frå vurderingsgruppa Voss/Hardanger  
Kompetanseregion.

#### Grunngjeving for val av informantar

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvere dei partane det gjeld. I denne vurderinga var det naturleg å fokusere på det pedagogiske personalet og elevane. Likevel var det viktig å høyra opplevingane og erfaringane til foreldra, her representert ved FAU og klassekontaktar.

**6**

### **TIDSBRUK**

*Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
**Vurderingsgruppa**

<b>TID</b>	<b>TILTAK</b>	<b>ANSVAR</b>
Veke 3	Skulen melder inn vurderingstema.	Skulen
Veke 7 Tysd. 10.feb.	Vurderarane får diverse relevant materiell Vurderarane har sitt første møte med skulen. Spørjeskjema vart laga og sende til skulen.	Begge partar
Veke 8	Skulen sender svara attende. Oppsummering av spørjeskjema. Kriterium og teikn på god praksis vert utarbeidd og sendt skulen for godkjenning.	Vurderarane Skulen
Veke 9	Vinterferie i Ulvik	
Veke 10	Skulen melder attende godkjenning av kriterium (eventuelt endringsframlegg). Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema. Vurderingsparet sender sine endelege ynskje i høve observasjon og samtalar til skulen. Skulen planlegg den praktiske tilrettelegginga.	Skulen Vurderarane Vurderarane Skulen
Veke 11 8. - 11. mars	<b>Sjølve vurderingsveka.</b> Innformasjonsinnhenting: -intervju 3 elevgrupper -intervju av 3 team -møte med FAU -observasjon i 6 timar -samtale med rektor  Vurdering: Analyse og Oppsummering.  Framlegging: Rapporten vart lagt fram for personalet for kommentarar og justeringar.	Vurderarane
Veke 11/12	Endeleg rapport og rapportvedlegg vert sendt skulen. Rapport vert sendt Ulvik kommune.	Vurderarane
Innan veke 14	Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget (på fast skjema)	Skulen
Mars/april	Rapport og spørjeskjema vert lagt ut på regionen si nettside. Skulen informerer FAU/foreldre	Regionen Skulen



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

**7**

### **METODAR**

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.*

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

#### Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes halvårsplanar og vekeplanar.

#### Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut eit spørjeskjema som gjekk på fokusområdet (vedlagt). Dette vart fylt ut av lærarar og elevar (5. – 10.) og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

#### Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav – overflatekunnskap om skulen  
- innblikk i arbeidsmåtar  
- innblikk i tilbakemeldingar/vurdering

#### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97, skulen sine planar og resultatet av spørjeundersøkinga.

#### Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette, elevane og foreldre. Vi var òg observatørar i 6 ulike timar.

#### Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå elevar. lærarar og foreldre mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

**8**

**SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN  
VURDERINGSOMRÅDET**

- *Skulen gjennomfører uteskule på heile barnesteget*
- *Vilje til å prøva ut nye arbeidsmåtar*
- *Datamaskiner for lærarar er i nettverk*
- *Elevsamtale er gjennomført*
- *Vekeplanar blir brukte*
- *Skulen nyttar prosessorientert skriving*

Elles:

- *Dyktige lærarar*
- *Lærarar som tek vare på kvarandre*
- *Godt utstyrt skule*
- *Høflege og greie elevar*
- *Lett tone på pauserommet*
- *Foreldra har tillit til skulen*
- *Elevane har tillit til lærarane*

**9**

**SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN  
VURDERINGSOMRÅDET**

- *Skulen må utarbeida ein plan for prosjektarbeid for 5. – 10. klasse.*
- *Laga bør arbeida mot ein felles mal for førebuing til elevsamtale.*
- *Uteskulen må integrerast i årsplanane.*
- *Vekeplanane må utviklast.*



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDA**

#### **Skulen må utarbeida ein plan for prosjektarbeid for 5. – 10. klasse**

L 97 krev at det skal vera prosjektarbeid både på mellom- og ungdomssteget: *Opplæringa skal omfatta øving i vitskapleg forståing og – arbeidsmåte; ved trening av evna til undring og å stilla nye spørsmål... Opplæringa skal ikkje berre overføra lærdom – den skal også gje elevane kompetanse til å skaffa seg og vinna ny kunnskap (side 25 i L 97).*

Somme av lærarane er usikre på om dei driv prosjektarbeid eller temaarbeid. Laga bør derfor drøfta gjennom prosjektarbeidsmetoden og laga ein prosjektplan. Skulen har mange tema med utgangspunkt i nærmiljøet. Nokre av desse kan lett utvidast med eit prosjektarbeid...

#### **Laga bør arbeida mot ein felles mal for førebuing til elevsamtale**

Elevsamtalen skal vera ein utviklingsamtale. Då må eleven vera kjent med kva som blir teke opp. Det kan derfor ikkje vera læraravhengig kva ein snakkar om i ein slik samtale. Opplegget må likevel ikkje vera så stramt at det ikkje er rom for individuelle tilpassingar (*Rettleiing L 97 – elevvurdering side 36 – 39*).

#### **Uteskulen må integrerast i årsplanane**

Vår informasjon tyder på at uteskule vert praktisert noko ulikt frå år til år. Det ser ut som det er lærar- og ressursavhengig. Uteskule er så populært blant elevane på barnetrinnet at ein *må* syta for at elevane får om lag like mykje av dette tilbodet i løpet av skuletida.

#### **Vekeplanane må utviklast**

Elevane skal trenast opp til å prioritera arbeidet sitt og disponera arbeidstida si. Då må dei arbeide etter ein vekeplan der dei sjølve fordeler arbeidet.

På dei lågaste trinna skil ein gjerne mellom skulearbeid og heimearbeid – seinare bør planen omfatte alt arbeidet under eitt.

Sidan lærardatamaskinene no er kopla i nettverk, bør desse planane omfatte alle faga. Kvar faglærer fyller inn for sitt fag.

Etter kvart må vekeplanen tilpassast den enkelte eleven. Her tenkjer vi på: Vanskegrad, mengde og læringsmål. Sjå idéruta på neste side.



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

**10 VIDARE ARBEID ETTER MARS – 04 – BRAKANES SKULE**

<b>Utviklingsområde</b>	<b>Idear</b>		
<i>Skulen må utarbeida ein plan for prosjektarbeid for 5. – 10. klasse</i>	Det er kompetanse i kollegiet. Nytt dette! At eldre elevar framfører prosjektarbeid for yngre, er opplærande		
<i>Laga bør arbeida mot ein felles mal for førebuing til elevsamtale</i>	Det er kompetanse i kollegiet. Vurderingsparet kan senda døme på slike malar.		
<i>Uteskulen må integrerast i årsplanane</i>			
<i>Vekeplanane må utviklast</i>  Oversynet til høgre er henta frå Stanghelle skule sitt hefte om nye arbeidsformer og visar ulike måtar å tilpassa vekeplanar.	<i>Planen kan variera med:</i>	<b>Same plan for alle:</b>	<b>Ulike planar i klassen:</b>
	<b>Ulike vanskegradar:</b>	Innan same plan (må-bør-kan)	Oppgåver med ulik vanskegrad innan same tema.
	<b>Ulik mengde arbeid:</b>	Skilje med tid (t.d. rekn i 20 min.)	Varierende mengde med oppgåver på dei ulike planane.
	<b>Oppgåver som den einskilde bør arbeide med:</b>	T.d. øv til du kan 6-gongen.	Blir skrivne på etter avtale eller eigne oppgåver i eit eller fleire fag.

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Ulvik 11. 03. 2004

Gudny Fykse  
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Torgeir Vassnes  
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
**Vurderingsgruppa**

**VEDLEGG 1**

**Påstandskjema for elevar ved Brakanes skule**

Eg er elev på mellomtrinnet

Eg er elev på ungdomstrinnet

<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/>

		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Heilt ueinig
1	Eg tek ansvar for eiga læring.				
2	Eg likar å arbeide etter arbeidsplanar				
3	Eg likar å arbeide etter vekeplanar.				
4	Eg får støtte i læringsarbeidet frå foreldre/føresette				
5	Eg kan velja om eg vil samarbeida med nokon eller ikkje.				
6	Eg kan velja kva arbeidsmåte eg vil nytta.				
7	Eg kan fordjupe meg i stoff som interesserer meg				
8	Eg kan fordjupe meg i stoff som eg bør jobbe med.				
9	Eg har førebudd <i>elevsamtale</i> med læraren min.				
10	Eg får greie tilbakemeldingar på prøvar og leksearbeid.				
11	Læraren gjev meg råd om korleis eg kan gjera det betre				
12	Eg veit kva eg vert vurdert etter.				
13	Eg lærer best når eg samarbeider med andre elevar.				
14	Eg lærer best av tavleundervisning.				
15	Eg lærer best når eg arbeider åleine.				
16	I arbeidsøktene er det arbeidsro.				
17	Vi har av og til store <i>prosjektarbeid</i> .				
18	Eg kan <i>prosjektarbeidsmetoden</i> .				
19	Vi har av og til <i>temaarbeid</i> <i>temaarbeid</i> .				



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 2

**Påstandskjema for lærarar ved Brakanes skule**

Eg underviser på småsteget  
Eg underviser på mellomsteget  
Eg underviser på ungdomssteget

  
  

		I høg grad	i noko grad	I liten grad	Slett ikkje
1	Eg brukar arbeidsplanar.				
2	Eg brukar vekeplanar				
3	Elevane får støtte i læringsarbeidet heime.				
4	Elevane kan velja arbeidsform(samarb./ind.)				
5	Elevane har ulik arbeidsmengd.				
6	Elevane har stort sett den same lekse.				
7	Eg brukar tavleundervisning.				
8	Det er arbeidsro i arbeidsøktene.				
9	Eg brukar <i>prosjektarbeidsmetoden</i> .				
10	Eg brukar <i>temaarbeid</i> .				
11	Skulen har bra med læremiddel.				
12	I klassen min går det føre seg fleire læringsaktivitetar samstundes				
13	Eg brukar IKT i undervisninga				
14	Skulen har system for pedagogisk kartlegging av elevar				
	<b><i>Kun for mellomtrinn og ungdomstrinn</i></b>				
15	Elevane tek ansvar for eiga læring.				
16	Elevane har høve til å fordjupe seg.				
17	Vurdering er tema i <i>elevsamtalen</i> .				
18	Elevane får tilbakemeldingar med utviklingsråd på større prøvar og leksearb.				
19	Elevane kjenner læringsmåla.				
	<b><i>Kun for småtrinnet</i></b>				
20	Eg brukar leik som læringsstrategi				
21	Uteskule er ein integrert del av det Pedagogiske opplegget				



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 3

**PÅSTANDSSKJEMA - FAU OG KLASSE-  
KONTAKTAR PÅ BRAKANES SKULE - 2004**

<b>Nr</b>	<b>PÅSTANDAR</b>	<b>I høg grad</b>	<b>I mindre grad</b>	<b>I liten grad</b>
1	Veke- og arbeidsplanane er lette å skjønna			
2	Vekeplanane er like, så eg slepp å læra meg mange ulike, sjølv om eg har born i fleire klassar			
3	Eg veit kva barnet mitt skal læra på kvart trinn			
4	Eg veit at barnet mitt har elevsamtale			
5	Barnet si faglege utvikling er tema på foreldrekonferansane			
6	Eg veit at leik er ein måte å læra på			
7	Barnet mitt fortel meg om leikeopplegg som lærarane har sett i gang			
8	Lærarane har informert meg om korleis dei jobbar med leik			
9	Eg kjenner til tema som arbeidsmåte, gjennom barnet mitt			
10	Eg kjenner til tema som arbeidsform gjennom informasjon frå lærarane			
11	Eg veit at 5. – 10. klasse har hatt prosjektarbeid			
12	Eg kjenner til prosjekt som arbeidsmåte gjennom barnet mitt			
13	Eg kjenner til prosjekt som arbeidsmåte gjennom informasjon frå lærarane			